

Klepp leikarring

Klepp leikarring har hatt stildans på danseprogrammet sidan 2008. Det er øving i stildans 2 gonger pr måned, ein søndag og ein torsdag i kvar måned utanom sommarmånadene og desember. Ingrid Oftedal Gjesdal er instruktør. Det vert som regel brukt levande musikk vekslende mellom fiolinistane Tor Anton Haarr og Dag Hovda Sture.

For tida er det ialt ca 20 par som er med på øvingane - rundt 15 par pr kveld. 8 av para er medlemar i Klepp leikarring. Resten kjem frå andre folkedanslag i distriktet.

Klepp leikarring arrangerer ball i historiske dansar kvart år i november.

Repertoaret vårt til nå er m.a. desse dansane: Fransese, Menuettpolonaise, Sekstur I og II, Figaro der alle dansar og Figare med to mylne, Stora menuetten, Lancers, Caledonian kvadrilje, Julekvadrilje, Duke of Kents Waltz, Engelsk dans nr 17, Molenasky, Orion, Pompadour, Minon, Pas d'Espagne, Brudevalsen, Pariser, Prinsesse Alexandrine, Fandango frå Austlandet, Møllledansen, Dobbel kvadrilje frå Sønderborg, Beethovens menuett, Le Prince Imperial, Stormurin, Gavotte, Vals Mignon, Menuett i G, Stjernetur, Firetur III frå Namdalen, Rufty Tufty

11 par frå gruppa var på ball i Nordleik i Viborg sommaren 2015 og lærde dei fleste dansane der. Mange av dansarane våre pleier også å vera med på ball i Farsund i august. Og fleire reiser dessutan på ball på Austlandet.

